

# Aldersregistrering av hjortevilt

## Vurdering av hjorteviltbestandar



**Faun naturforvaltning AS**

Fyresdal Næringshage  
3870 Fyresdal

Telefon 35 06 77 00

Telefax 35 06 77 09

E-post [post@fnat.no](mailto:post@fnat.no)

Internet [www.fnat.no](http://www.fnat.no)



*Hjorteviltartane er dei viktigaste viltartane våre. Kunnskap om struktur, produksjonsevne og vilttetthet (!) er viktig for all hjorteviltforvaltning.*

Aldersregistreringar av skotne dyr gir saman med jegeropplysingar (sett elg/ sett hjort t.d.) eit godt kunnskapsgrunnlag. Alt hjortevilt kan aldersregistrerast ved tannsnitting.

## Kvifor?

- Gode og konkrete forvaltningsforslag.
- Vektutvikling i høve til alder.
- Gode bestandsestimat ved kohortsanalyse.
- Gir svar til nyfikne jegerar som lurar på "kor gamal var storoksen".
- Godt pedagogisk grunnlag for forvaltningsdiskusjonar.

## Korleis

Jegerane samlar inn tannmateriale, og registrerer vekt, kjønn m.m. frå dei skotne dyra. Tenner frå alle vaksne dyr samlast inn, også frå 1,5-åringar. 1,5-åringane blir "godkjent" visuelt utan snitting (og vederlagsfritt). Tannkonvoluttar med "bruksanvising" fåast hjå Faun. Vi rår til at det også blir fylt ut konvoluttar for kalv, utan at tenner takast med.

## Aktuelle kundar

- Kommunar
- Bestandsplanområde
- Regionar
- Fylke/ fylkesmenn

Tennene blir dekalsinert (kalken blir fjerna ved hjelp av syre) og får "viskelær-konsistens". Deretter blir tennene snitta i skiver på ca. 0,05 mm ved hjelp av ein frysemikrotom. Snitta blir farga og ved å studere snitta i mikroskop/ lupe tel ein åringar om lag som for eit tre.

## Prisar

Faun leverer aldersregistreringane i ein tabell (Excel) med opplysningar for det einkilde individ, inklusive kalvar og åringar. Rapportane inneheld forvaltningsforslag, bestandsestimering frå kohortsanalyse, samt relevante figurar og tabellar. Døme på rapportar finst på [www.fnat.no](http://www.fnat.no). Vi tilbyr og bare aldersregistrering utan rapport.

Arbeid	Pris
Rapportarbeid, forvaltningsforslag m.m.	10 000,-
Pr. tann, ferdig reinska.	85,-
Tillegg for tenner som må trekkast frå kjeve	35,-
Pr. kontrollert 1,5-åring	0,-
Dataplotting, pr. felt elg	0,-

*Alle prisar er ekskl. mva.*

## Kompetanse

Faun Naturforvaltning AS tek på seg oppdrag innan vilt- og fiskeforvaltning og utfører registrering og vurdering av konsekvensar for natur og miljø av aktuelle utbyggingstiltak.

Selskapet har pr. dato 4,5 - 5 årsverk, og dei tilsette har bakgrunn frå NLH (nå Universitetet for miljø og biovitenskap) og frå Høgskulen i Hedmark (utmarkslina, Evenstad). Faun Naturforvaltning AS er sertifisert i høve til ISO 9001 standarden.

*Snitt av 21 år gamal elgku (20 årrigar) frå Sigdal*



***Tannslitasje***  
*Framtann frå 18, 11, 9, 6,  
4, 2 og 1 år gamle elgar.*



## **Referanse**

Ringerike kommune  
ved skogsjef Hans Bergan  
Tlf.: 32 11 75 68  
Adresse:  
Storg. 13  
3510 Hønefoss